

Høyringsuttale av søknad frå Alsaker Fjordbruk: «Søknad om konsesjon etter vannressurslovens §8 for uttak av vann fra Kvitebergsvatnet i Kvinnherad i Vestland fylke.»

Registreringsnummer: 9653

Saksnummer: 202502924

Ivarsneset, 6. juni 2025

Høyringsuttale frå «Karistova sameige» (Gnr 17, bnr 8)

Syner til Alsaker Fjordbruk sin konsesjonssøknad av 22.01.2025 og NVE sin informasjon om høyring av søknaden

Eigedomen «Karistova» (Gnr 17, bnr 8) er eigd av arvingane etter Olav Sørland i sameige. Vi er etter kvart ein stor flokk som nyttar hytta ved Kvitebergsvatnet i helger og feriar. Hytta er veglaus. For å kome til hytta brukar vi anten å gå på sti gjennom skogen eller bruke robåt frå den nordre vika, der vi har parkeringsplass (etter avtale med grunneigar).

I periodar med lite vatn / varme somrar er det alt no problem med gjengroing av den nordre vika og vanskar med å kome gjennom med båt. Med nedregulering av vatnet kjem dette problemet til å bli verre. På hyttesida, der vi landar båten, er det langgrunt, og det vil bli problem med å få båten inn og ut av naustet dersom vatnet bli regulert ned. For oss blir dette praktisk vanskeleg.

Vi er også sterkt uroa for at store variasjonar i vatnet, som følgje av tidvis nedtapping, vil få uheldige verknader på natur og miljø i og rundt vatnet.

For Karistova sameige

Tone R. Sørland, Kjartan Sørland, Sigve Sørland, Kari Sørland

Tone R. Sørland